

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 27.03.2012 kl. 16.05

Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles tilstades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og varamedlem Tove Iren Knivsflå

= 5 voterande

Svein Kvaløy hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 10/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. FEBRUAR 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 17. februar 2012 blir godkjent med slik ordlyd i punkt 1 i vedtaket i sak 09/12 – Arbeidsdeling i kontrollutvalet:

Inge Gjærde følgjer opp saksdokument og vedtak i føretaka. Tilsvarande for Randi Strand Overaa blir formannskapet, Magnar Furset tek utval for Miljø og Kommunalteknikk, Svein Kvaløy tek Kommuneplanutvalet og utvalet for Miljø og Kommunalteknikk og Eva Rinde Habostad tek Helse, Oppvekst og Kulturutvalet.

Vidare følgjer alle opp saksdokumenta i kommunestyret.

SAK 11/12

OVERORDNA ANALYSE – FØREBELS FRAMSTILLING

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.03.2012

Det vart ikkje fatta vedtak i saka, men synspunkt på analysen er overlevert kommunerevisjonen.

SAK 12/12
MANDAT SELSKAPSKONTROLL STRANDA KOMMUNE

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.03.2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Mandatet for selskapskontrollen blir slik som går fram av kapittel 1.1 og punkt 1 til 11 i kapittel 1.2 i saksutgreiinga.

SAK 13/12
STRANDAFJELLET KF – ORIENTERING V STYRELEIAR ROLF A. MYKLEBUST

Orientering gitt av styreleiar om Strandafjellet KF

Orienteringa tok for seg manglande risikovurderingar før byggestart, størrelsen på lånegjelda, sårbarheit og problemet med for lave inntekter og svært dårleg økonomi.

Etter den generelle orienteringa om føretaket vart møtet lukka av omsyn til opplysningar om forretningsmessige forhold mellom drivarselskapet og eigarforetaket som ikkje er offentlege.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 14/12
SPØRJERUNDE OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON

Saka vart ikkje behandla.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Tove Iren Knivsflå
varamedlem
(sign.)